# Meland kommune

Multiconsult

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | 14.05.2018 |
| Dykkar: | Kristin Nåmdal | |
| Vår: 18/805 - 18/10400 | kristin.namdal@meland.kommune.no | |

# Evaluering og tildeling av kontrakt for kartlegging av areal for akvakultur-KPA

## 1. Tildelingskriterier

Ved tilbodsfristen var det mottatt 2 tilbod. Tilbydarane er kvalifisert for oppdraget og evaluert. Tilbydarane er vurdert etter dei oppgitte tildelingskriteria i konkurransegrunnlaget.

| TILDELINGSKRITERIE | DOKUMENTASJON | VEKT % |
|---|---|---|
| •Pris | Oppdragsgjevar har ei kostnadsramme på 500 000 kr.<br>• Ferdig utfylt prisskjema med timesats på tilbydde konsulenter og reisekostnader | 30 % |
| • Relevant erfaring, kompetanse og referanser på tilbydde konsulenter | Under dette kriteriet vektleggast:<br>CV for tilbydde konsulenter. Dette skal være de samme konsulentene som er tilbydd i prisskjemaet. I prisskjemaet skal det oppføres hvilken funksjon og fagområde den enkelte vil ha i rammeavtalen.<br>CV skal minimum inneholde oversikt over:<br>- Utdanning<br>- År relevant erfaring<br>- Relevante tidligere oppdrag/prosjekt inkl. oppdragsgiver, størrelse, type prosjekt og konsulenten sin rolle i prosjektet | 40 % |

**Postadresse**
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

**Kontakt**
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

| | | |
|---|---|---|
| •Arbeidsopplegg og forståelse av oppdraget | Det skal leveres en prosessbeskrivelse som beskriver hvordan oppdraget innenfor rammeavtalen tenkes gjennomført med særlig fokus på framdrift og arbeidsopplegg .<br><br>Dokumentasjon:<br>- Gjennomføringsplan | 30 % |

## 1.1 Pris

For å evaluere pris har kommunen rekna ut gjennomsnittstimepris på tilbydde konsulenter multiplisert med 500 timer. Dette for å gje ein samanliknbar pris. Reisekostnader er haldt utanfor evalueringa ettersom den vil utgjere ein svært liten del av totalprisen.
Totalpris på oppdraget er evaluert etter følgjande metode: Forholdsmessige metode der: Poengscore = 10 x Pb/Pe der Pe er den prisen som evaluerast og Pb er beste (lågaste) pris.

| Firma | Pris | Poeng | 30 % |
|---|---|---|---|
| Multiconsult | kr 491 667 | 9,83 | 2,95 |
| Norconsult | kr 483 333 | 10,00 | 3,00 |

Det er Norconsult som kjem best ut på dette kriteriet.

## 1.2 Erfaring, referanser og kompetanse for tilbydd personell

Dette kriteriet er vurdert på ein skala frå 1 til 10 der 10 er best.

| Firma | Evaluering | Poeng | 40 % |
|---|---|---|---|
| Multiconsult | Tilbyr eit tverrfagleg team på seks personer til oppdraget. Utdanning og bakgrunn er svært variert og svarer til oppgåva. Fagkompetansen varierer frå marinbiolog, GIS og arealplanleggjar, GIS og geograf, 2 naturforvaltarar og siv.ing. med spesialområde kai og hamn. Multiconsult sitt team har svært god og variert kompetanse til å gjennomføre oppgåva. Dei har spisskompetanse på kai og hamn og marinbiologi og erfaring innan marin planlegging. Dei tilbydde konsulentane har erfaring frå liknande oppdrag, som kystsoneplan for Sunnhordland og planer for akvakulturanlegg. | 10,00 | 4,00 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Norconsult | Tilbyr eit team på tre personer,med variert kompetanse. Oppdragsleiar er samfunnsgeograf og kystsoneforvaltar. Erfaring med GIS og ROS –analyser og med interkommunale kystsoneplaner. Dei tilbyr ein geograf som har arbeida med vassforvaltning og lang erfaring med planlegging på overordna nivå. Norconsult tilbyr landskapsarkitekt i teamet. | 8,00 | 3,20 |

Det er Multiconsult som kjem ut best på dette kriteriet.

## 1.3 Gjennomføringsplan og oppgåveforståing

Dette kriteriet er vurdert på ein skala frå 1 til 10 der 10 er best.

| Firma | Vurdering | Poeng | 30 % |
|---|---|---|---|
| Multiconsult | Multiconsult viser god forståing av oppgåva. Gjennomføringsplanen, prosess og arbeidsopplegg er konkret og grundig. Her er analysetema,digitalisering og KU sett opp. Framdrift og leveranse er sett opp i tabell og tek i seg det kommunen etterspør. Møter med kommunen er skissert. | 10 | 3,0 |
| Norconsult | Viser god forståing av oppgåva. Dei skisserer fire ulike tilnærminger til analysen. Dei skal bruke overordna KU metodikk som på kommuneplanivå. GIS –analyser. Vil gjere bruk av ny metodikk ( KMD) for grensesnitt for utgreiingsbehov for KPA og lokalisering etter akvakulturlova. Prosessen er sett opp rydding i faser. | 9 | 2,7 |

Det er Multiconsult som kjem best ut på dette kriteriet.

## 2. Evalueringsmatrise

| | | Multiconsult | Norconsult |
|---|---|---|---|
| **Kriterie** | **Vekting** | **Vekta poeng** | **Vekta poeng** |
| **Totale kostnader** | **30 %** | 2,95 | 3,00 |
| **Kompetanse og erfaring** | **40 %** | 4,00 | 3,20 |
| **Gjennomføringsplan og oppgåve-forståing** | **30 %** | 3,00 | 2,70 |
| **SUM** | **100 %** | **9,95** | **8,90** |

Det er  Multiconsult som samla sett er vurdert å gi det økonomisk mest fordelaktige tilbodet.

## 3. Konklusjon

Meland kommune meddeler herved at det er beslutta å tildele kontrakt om  rammeavtale for konsulentenester for kartlegging av areal for akvakultur- kommuneplane sin arealdel til Multiconsult. Signering av kontrakt vil finne sted etter karènsperiodens utløp. Karènsperioden utløper 25.05.18. Ei eventuell klage må sendast skriftleg til Kristin Nåmdal på e-postadresse kristin.namdal@meland.kommune.no innan utløp av karènstida.

Vi takkar for deltakinga.

Med helsing

Kristin Nåmdal
samfunnsplanleggjar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**
Multiconsult
Norconsult